

Fann den rette i Fosse

«KK»-journalist Ingvild Kjøde (34) frå Ørsta fekk lov av sjefen å skrive nynorsk dersom ho fann eit passande intervjuobjekt.

OSLO. Ingvild Kjøde fann den rette i Europas mest spelte dramatikar, forfattar Jon Fosse frå Hardanger. I «KK» denne veka kan du lese portrettintervjuet ho har laga med han. Dette er første gongen «KK», som er det største damebladet i Noreg, skriv nynorsk på redaksjonell plass.


– Biletet av Jon Fosse hadde ikkje blitt like ekte om eg hadde skrive på bokmål, trur Ingvild.

Lyst lenge. Ho har hatt lyst til å skrive på nynorsk lenge, utan å gjere noko med det. Som journalist har Kjøde dei siste ti åra skrive bokmål, utan at ho har følt det som noka tvangstrøye.

Det var ein artikkel på nynorsk i konkurrenten «Elle» som utløyste ørstajenta sitt spørsmål til redaktør Bente Engesland. Kunne andre kulørte vekeblad skrive redaksjonelt stoff på nynorsk, kunne vel «KK»?

–Å få det til gjekk faktisk heilt glatt. Eg sende ein e-post til Jon Fosse der eg fortalde at eg fekk lov til å skrive nynorsk, og at eg gjerne ville gjere eit portrettintervju med han. Då han sa ja, vart eg kjempeglad, deretter fekk eg prestasjonsangst.

Bestemme sjølv. Det er ikkje ofte Jon Fosse gir portrettintervju. 50 bøker har gjort han berømt, men også



Jon Fosse avbilda ved Nynorsk Kultursentrum i Hovdebygda ved eit tidlegare høve.

FOTO: Knut Arne Aarset

tilbakehalden. Han takka ja til intervjuet med Ingvild Kjøde nettopp fordi ho ville skrive på nynorsk. Fosse meiner det er sjølv sagt at ein sjølv skal få bestemme kva skriftspråk ein vil nytte.

I intervjuet seier han at han kan tillate seg mykje i livet, men at han aldri kan svikte nynorsken. I prinsippet er «KK»-journalisten einig med Jon Fosse i at ein sjølv bør kunne velje om ein vil skrive nynorsk eller bokmål. Men å skrive dette portrettintervjuet på nynorsk er ikkje ei politisk handling frå Ingvild Kjøde si side, ho valde det slik fordi det passa svært godt å skildre Fosse med denne målforma.

–Det var forløysande å skrive på nynorsk om denne språkets meister. Bokmål hadde nok skapt ein større distanse til det han sa. At eg skulle skrive nynorsk etter så lang tid som bokmålskribent, gjorde at eg skjerpa meg ekstra, eg ville prestere bra nynorsk, seier ho.

Berre positivt. Ingvill Kjøde fortel at ho har fått uvanleg mange tilbakemeldingar etter nynorskintervjuet, både frå kollegaer, folk ho kjenner, og frå ukjende på e-post. Alle har vore positive. Journalisten trur at nynorsk er i vinden, og ho synest å merke ein positivitet rundt det å snakke dialekt. For henne privat betyr nynorsken berre meir og meir.

–Eg er ingen målforkjempar, og kjem nok heller aldri til å bli det. Men eg er glad for at nokon tek på seg å arbeide for nynorsken. Sjølv nyttar eg meg ofte av kulturtilbod på nynorsk, og er glad i litteratur og diktning på nynorsk. Men eg har aldri følt meg undertrykt fordi eg har skrive bokmål i jobben. Eg trur det er litt meir naturleg for oss som har nynorsk som hovudmålform å skrive bokmål, enn omvendt.

– Nynorsk passar alle

VOLDA. – Eg blir litt oppgitt når «KK»-journalisten får beskjed om at ho får skrive nynorsk dersom ho finn eit intervjuobjekt som passar. Nynorsk passar då til alle, seier Marit Neergaard.

Formidlingsleiaren for Nynorsk Kultursentrum, for tida ute i permisjon, er lei av at det alltid blir kommentert når nynorsk blir brukt på nye område. Det viser at vegen fram mot jamstilte målformer enno er lang å gå, meiner ho.

– Jon Fosse har tidlegare sagt at han synest det er nedverdiggande at språket hans blir eit spørsmål. Samtidig forstår eg det slik at han set det som ein føresetnad for å bli intervjuet, at intervjuet blir skrive på nynorsk.

Meirsmak. Om Ingvild Kjøde får det som ho ønskjer, er ikkje dette siste gongen ho skriv nynorsk i «KK». Ho håper at det at «KK» og «Elle» har sleppt nynorsken til, kan inspirere andre i den kulørte vekepressa til å gjere det same.

–Eg håper portrettintervjuet mitt kan vise at nynorsk ikkje berre er for sære poetar frå Vestlandet. Og då snakkar eg ikkje om Jon Fosse, avsluttar ho. For tida fungerer 34-åringen som reportasjeleiar i KK, der ho har arbeidd i snart seks år. Tidlegare har ho hatt ulike journalistjobbar, mellom anna som vikar i Dagbladet og Aftenposten. Ingvild Kjøde har journalistutdanning frå Høgskulen i Volda.

HILD NORDAL
hild.nordal@smp.no

Neergaard synest at dobbeltheita i dette er vanskeleg, og ho skjønar at det blir nemnt at «KK» skriv nynorsk for første gong. Formidlingsleiaren synest det er positivt at damebladet opnar for nynorsk, og at det mjukar opp inntrykket av at denne målforma berre passar i dikt, salmar, og i reklamar for keisame pålegg som Vossafår.

– Det handlar om vane. Dersom fleire får servert nynorsk i kvardagen, vil det verte vanleg for dei, og vi slepp kommentarar. Det «KK» har gjort, er eit lite steg i rett retning. Dei fortener takk, men det skulle berre mangle at dei ikkje sette nynorsk på trykk. Det skulle dei ha gjort for lenge sidan, seier Neergaard